



Alle statlege etatar i Møre og Romsdal



## Invitasjon til work-shop om barnekonvensjonen 24. oktober 2014

20. november 2014 er det 25 år sidan FN si generalforsamling vedtok «FNs konvensjon om barnets rettigheter» omtala som Barnekonvensjonen. I eit år med mange markeringar av 200 årsjubileet for den norske Grunnlova, ønsker Fylkesmannen i Møre og Romsdal også å markere jubileet for barna si eiga «grunnlov» og inviterer alle andre statlege etatar til å bli med å sette ekstra fokus på barn og unge.

Barnekonvensjonen blei ratifisert av Norge i 1991 og inkorporert i norsk lov i 2003. Det betyr at dersom norsk lovverk ikkje er i tråd med konvensjonen så er det Barnkonvensjonen som gjeld.

Som vist til i brev av 10.september ønsker Fylkesmannen i Møre og Romsdal at dei statlege etatane som er representert i Møre og Romsdal i fellesskap utarbeider ei erklæring der vi forpliktar oss til å la barnet sitt beste stå i fokus i det daglege arbeidet, i tråd med artikkel 3 i Barnekonvensjonen:

***«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»***

24. oktober kl. 1000 til 1500 inviterer Fylkesmannen til work-shop på Quality Hotell Alexandra i Molde. I løpet av dagen skal vi jobbe fram ei erklæring som vi kan stå saman om, og som vi ønsker kan bli styrande for verksemdene sitt arbeid med å sette barn og unge sitt best i fokus, jf. Barnekonvensjonen.

Program for dagen ligg ved. Skjema for påmelding finn du på Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine heimesider, [www.fylkesmannen.no\mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Vi ønsker at kvar etat møter med to representantar, der minst ein er frå leiinga.

Påmeldingsfrist 13. oktober. Samlinga er gratis for alle deltakarar.

Erklæringa vil bli presentert på markering av Barnekonvensjonen sitt 25-årsjubileum i Molde 20. november 2014.

Har de spørsmål ta kontakt med Anne Mette Nerbøberg, [fmmranne@fylkesmannen.no](mailto:fmmranne@fylkesmannen.no)

Lodve Solholm  
Fylkesmann

Rigmor Brøste  
Ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg: program

